

Årsrapport

2022



normisjon

region sogn og fjordane

1.0 Normisjon region Sogn og Fjordane

Normisjon region Sogn og Fjordane har kontor på Sandane. Regionen er tilslutta Normisjon som har hovudkontoret i Oslo. Normisjon sin visjon er: "Jesus Kristus til nye generasjonar og folkeslag", med kjerneverdiane: "Elska og sendt".

Regionen eig og driv: Fjordly Ungdomssenter, Teigen Leirstad og Holmely omsorg og retreat. Region Sogn og Fjordane eig også Fjordly Barnehage, Nordfjord folkehøgskule og Sunnfjord folkehøgskule. Regionen har aksjekapital i Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS.

1.1 Regionleiinga

Regionstyret har etter årsmøtet 2022 vore samansett slik:

Tittel	Navn	Periode	Bustad
Leiar	John Olav Hoddevik	2022-2024	Sandane
Nestleiar	John Bjarne Geithus	2021-2024	Naustdal
Styremedl.	Liv Bruland	2020-2023	Førde
Styremedl.	Møyfrid Sømme Kvamme	2020-2023	Oldedalen
Styremedl.	Margrete Haug	2021-2024	Sogndal
Styremedl.	Aud Norunn Vig	2022-2025	Florø
Actarepr.	Johan Olav Nyberg	2022-2023	Stryn
Ansatt repr.	Stine Lillebø Hopland	2022-2024	Eid
Tilsettes rep. vara	Eva Stavseth Langseth	2022-2023	Bryggja
1.vara	Marta Fimreite	2023-2024	Sogndal
2.vara	Anne Berit Refvik	2022-2023	Raudeberg
3.vara	Svein Helge Hovstad	2022-2023	Sandane

1.2 Arbeidsutvalget 2022

Styreleiar: John Olav Hoddevik

Nestleiar: John Bjarne Geithus

Regionleiar: Jostein Bildøy

1.3 Valnemnd

Marta Fimreite, Sogndal, 2021-2023

Karl Øystein Haug, Førde, 2022-2024

Jermund Myklebust, Kjølsdalen, 2022-2024

1.4 Revisor

Normann Aarseth, Vassenden, 2022-2023

Per Ingolv Nygård, Førde, 2022-2023

1.5 Regionstyret sitt arbeid

Regionstyret har i 2022 handsama 48 saker.

Av saker regionstyret har arbeidd med er:

- Frivillig forkynnarteneste i regionen
- Strategi- og handlingsplan 2022-2024
- Tildelingar av midler frå Bedehusfondet til Kjølsdalen Normisjon og Møtepunkt B Sandane Normisjon
- Samarbeid med Bjørgvin bispedømme
- Onlinepåmelding til arrangement
- Tilsettingar i regionen

2.0 Tilsette

2.1 Region

I løpet av året var det 6 tilsette i regionen, 2 kvinner og 4 menn:

- Stine Hopland, *Actaleiar 100%, permisjon frå 15.12.22-14.8.23*
- Vegard Tennebø, *Felleskapsutviklar 20% Møtepunkt B*
- Stian Stokkebekk *Felleskapsutviklar 70%. Sunnfjord (verneombud)*
- Ingrid Hageberg Bjørnereim, *administrasjonsmedarbeider, 20% region*
- Jostein Bildøy. *Regionleiar 100% frå 01.08.*

2.2 Einingane

- Hildegunn Vederhus, *100% dagleg leiar Fjordly ungdomssenter*
- Heike Wallach, *50% husmor Fjordly ungdomssenter, til 30.9.22*
- Eva Langseth, *80% dagleg leiar Holmely Omsorg og Retreat (vara tillitsvalgt og tilsettes representant i regionstyret)*
- Aud Holvik Nordpoll, *timebasis på vaskeri for Fjordly og Holmely*
- Wenche Nygård, *100% dagleg leiar Fjordly barnehage*
- Anna Marie Skogli Vatnamo, *100% dagleg leiar Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen.*
- Hildegunn Gjesdal Tennebø, *100% rektor Nordfjord folkehøgskule*
- Jon Olav Leira, *100% rektor Sunnfjord folkehøgskule*

2.3 Gjestetalarar

Styreleiar i landsstyret i Normisjon, Halvor Solberg, deltok på regionårsmøtet 2022.

3.0 Om arbeidet i regionen

Staben har gjennom året hatt over 450 avtalte møtepunkt med mellom anna lokallag, enkeltpersonar samarbeidspartnarar, andre organisasjonar og kyrkjesamfunn. Regionleiar var i Bangladesh i oktober, og har formidla kunnskap frå turen på ten-leiarar, foreningar og gudstenestedtaking. Storleiken i staben er redusert med 30% ressurs som fellesskapsutviklar i regionen, i og med Vegard Tennebø gjekk inn i stilling som dagleg leiar i Normisjon i Norge. For å imøtekomme etterspurnad etter forkynnar og bibelformidlar frå lokallag og leiarar starta vi arbeidet med å etablere forkynnar- og bibelformidlarnettverk. Fleire lokallag etterspør rådgjeving knytt til eigne bedehus si framtid. Gjennom avtalt tre-årig samarbeidet med Bjørgvin bispedøme har vi som mål å styrke inkluderande kristent fellesskap og kyrkjelyd lokalt og misjonsfokus for mennesker med nedsett funksjonsevne gjennom våre samarbeidsland. Regionstabben har hatt fokus på HMS og valgt verneombud.

3.1 Julemesser og regionlotteri.

Det er ikkje kjent at det er halde julemesser til inntekt for regionarbeidet. Men fleire foreningar har årlege basar til inntekt for eigne misjonsprosjekt og/eller regionarbeidet. Det er derimot betydeleg nedgang i basarbidrag til regionen samanlikna med tida med julemesser. Frå ca 120000,- i 2019 til kr 12415,- i år.

3.2 Fellesskapsutvikling

3.2.1 Norfellesskapet, Førde

Arbeidet med fellesskapsutvikling i Førde har gått over frå prosjektfase til ordinær drift. Fellesskapsutviklar Stian Stokkebekk i Sunnfjord bruker ca 20% arbeidstid på fellesskapsutvikling og nettverksbygging knytt til dette. Norfellesskapet tilbyr jamnlege gudstenester med hovudfokus på unge vaksne og barnefamiljar. I tillegg til gudstenester tilbyr Norfellesskapet forkynnarteam, lovsangsteam, mindre fellesskapsgrupper. I haust starta det og opp eit tilbod om eige ungdomstilbod søndag kveld etter gudstenestene. Dette er eit samarbeid med ungdomspresten i Den norske kyrkja i Sunnfjord og Bygstad indremisjon. Norfellesskapet utgjer i år den største enkeltaktiviteten i Førde Normisjon både i oppslutning og inntekter.

3.2.2 Møtepunkt B, Sandane

Møtepunkt B og Sandane Normisjon fusjonerte i år til Normisjon Møtepunkt B. Det er etablert egne aktivitetar for barn og unge gjennom Møtepunkt B Barn. Breidden av aktivitetar når alle aldersgrupper. Det er satt i gang eit større prosjekt med oppgradering av Sandane bedehus slik at det skal ivareta behov og framtidige aktivitetar. Scene og elektrisk anlegg i møtesal er oppgradert, og vidare plan er å gjere bedehuset gradvis meir universelt utforma og inkluderande. Vegard Tennebø er fellesskapsutviklar/pastor i 20%.

3.3 Foreiningane

3.3.1. Relasjonsbygging

Ei felles utfordring i både Acta- og Normisjonsarbeidet er aldersgruppa 17/18-26 år. Denne aldersgruppa er i rørsle med fokus på utdanning og etablering som egne husstandar. Actaleiar har hatta eit fokus på å halde nettverkskontakt med unge som flyttar heimanfrå. Men kva med lokallagsarbeidet elles? Det er aldersgruppa 17/18-26 vi når minst eller som ikkje held kontakten med organisasjonane våre. For å kunne vere til stade for dei og halde oppe fellesskap og identitet for dei må fleire enn stab arbeide for det. Difor er dette eit fokusområde som vi sonderer og drøfter realisme i, gjennom dei møtepunkt vi har gjennom året. Tilgang til lokalitetar, tillit til unge sin eigen ansvarsvurdering og nye måtar å bruke bedehusene på er nokre av samtaletemane i all relevant kontakt i arbeidet vårt. Heile staben har på ulike måtar vore i kontakt med foreiningar og delteke på basarar, årsmøter og ulike møter i foreiningane.

3.3.2. Foreiningar, kontaktpersonar og fellesskap

Regionen har 37 aktive foreiningar, 9 kontaktpersonar og 2 fellesskap. Fleire av dei eig bedehus/bedehusapell/kyrkjesenter åleine eller i sameige med andre organisasjonar. Dette fordeler seg slik:

	Kontaktpersonar	Fellesskap	Foreiningar	Bedehus m.m.
Sogn	4	0	3	0
Sunnfjord	1	1	8	5
Nordfjord	4	1	26	16
Sum	9	2	37	21

Foreiningane er både hovudforeiningar og foreiningar lokalt knytt til denne. Dei samlast om Guds ord og ber for bygdene og arbeidet til Normisjon både her heime og i samarbeidslanda. I Acta er det i tillegg 20 barnelag, ungdomslag, kor med meir. Elles har fleire foreiningar engasjert seg med bønn og gåver til ulike misjonsprosjekt.

3.4 Storsamling

Det er ikkje gjennomført storsamlingar dette året.

3.5. Media

På regionen si heimeside: www.normisjon.no/sof legg vi ut saker til informasjon og glede. Vi arbeider framleis med å oppdatere nettsida, og dette arbeidet går gradvis. Ved nokre høve vert det sendt ut brev til foreiningane, elles vert informasjonen spreidd gjennom regionbladet "Region Sogn og Fjordane". Regionbladet vart lagt om frå avis til blad i 2022 som eit felles tiltak for dei fleste regionane. Vi har minskt formatet, auka skriftstorleiken, og har gitt alle delar av vår verksemd tilgang til eigen plass i bladet til å dele nytt frå sitt arbeid. Samla sett går 4 utsendingar av regionblad og 4 separate giroutsendingar med overskot. Bladet er og tilgjengelege i to digitale variantar via nettsida vår. Informasjon frå arbeidet blir elles lagt ut på facebook, instagram og einingane sine eigne kommunikasjonskanalar. Vi kommuniserer og via epost og SMS til foreiningane, direkte-medlemer og fellesskap.

3.6 Stabssituasjonen

Regionen har ein flott stab medarbeidarar som gjer eit godt arbeid. Det er utretta mykje godt arbeid, og viljen til å finn løysingar både i det regionale arbeidet og i einingane er god innan inntektsskapande arbeid, og nytenkning. Arbeidsmiljøet er gjennomgåande godt, og utfordringar som har oppstått er fulgt opp. Det er ved slutten av året vakanse i husmorstilling/kjøkkenleiarstilling på Fjordly ungdomssenter. Dette er dagleg leiar og styret på der i kontinuerlig arbeid med å finn løysingar for.

3.7. Samarbeid

3.7.1. SMM

Misjonssamarbeidet SMM (Samarbeid Menighet og Misjon) har i år hatt 3 samlingar, eit på teams og 2 på Bjørgvin bispedømmekontor. Vi drøfter felles arbeidsformer og utfordringar i å styrke misjonsengasjementet i kyrkjelydane. Regionen vår har registrert 8 misjonsavtalar med kyrkjelydar i Sogn og Fjordane i 2022. I desse er 2 nye samarbeid inngått i år.

3.7.2. Andre organisasjonar og kyrkjelydar

Acta har kontakt med tilsette i SØNDAGSSKOLEN NORGE om samarbeid for å nå barn og unge. Dette samarbeidet er ikkje kome heilt i gang, men Holmely har i samarbeid med søndagsskulekonsulentetn i Sunnmøre og Nordfjord planlagt retreatsamarbeid

med tema «Barn og tru».

I samarbeid med Sogn og Fjordane KFUK/KFUM starta Acta forprosjekt for å etablere lavterskel ungdomsmøteplass på Nordfjordeid. Dessverre klarte ikkje styringsgruppa å samle saman med medlemene, og prosjektet stoppa opp med det. I etterkant har Ungdomsrådet i Stad kommune gått ut i media og etterlyst møteplassar for ungdom på vidaregåande skule og uttrykt at det er manko på dette. Utfordringa vår med å kome i mål med ei løysing står difor ved lag.

I samarbeidet som er inngått med Bjørgvin bispedøme for perioden oktober 2022-september 2023 er målet å styrke fokus og skape engasjement som med enkle verktøy opner våre fellesskap i større grad for utviklingshemma, barn, unge og vaksne.

Gjennom samarbeidet forpliktar regionleiar seg til å bruke 20% av arbeidstida til inspirasjon og læring for korleis gi personar med utviklingshemming rom i kyrkjelydsarbeidet og gudstenestedeltaking ved hjelp av stikkorda Inkludere-Tilhøyre-Involvere. På slutten av året i år førebur vi tilbod om fagsamlingar og lunsjmøter med kyrkjeleg stab og regionale fagdagar i samarbeid med prostiene og ulik fagkompetanse.

4.0 Einingane

Einingane våre har eigne årsrapportar og rekneskap som vil bli offentleggjort på nettsidene våre. Årsrapportane skal ikkje lenger opp som sak på regionens årsmøte, men kan gjerne lesast til informasjon og inspirasjon. Under kan du lese litt om Fjordly, Holmely og Teigen, som er dei tre einingane som er tettast på regionen.

4.1. Fjordly ungdomssenter

Fjordly Gjennom året har det vore auke med bestillingar til både dagarrangement og arrangement med overnatting. Det er motteke kompensasjon for tapte inntekter under pandemien. Det er arbeidd med profilering av Fjordly gjennom sosiale media. Fjordlybussen er innført som eit tilbod til personar som vil ha skyss til det månadlege arrangementet Fjordlydagen. Årsrekneskapen viser kr. 321564 i overskot. Inntektene auka samanlikna med 2021. Av inntekter i 2022 er kr 303031,- gjennom kompensasjonsordningar og refusjon sjukepengar kr 129411,-. Dei tre siste månadane er kjøkkenleiarstilling vakant. Vi håpar at leirplassen blir fylt opp med barn, ungdom, vaksne og eldre det komande året, og at Fjordly framleis får styrka sin posisjon som møteplass i Nordfjord.

4.2 Holmely

Holmely har hatt godt oppmøte på gjennomførte helger gjennom 2022! Gode fellesskap gjennom året med Bønelunsj, Stille dag, Songkveldar, Bøn og lovsong og Bibel og kaffi-samlingar og ei nyprøving med Mammahjarte -på tampen av året. Positive løft for inventar og bygg er oppgradering av hovudkjøkenet i året som er gått. Nytt golv-belegg, nye benkeplater, ny romløyising og ny oppvaskmaskin!

Vi har òg fått innlagt vatn på te-kjøkken oppe på loftet og stolane i spisestova har fått nytt utsjåande.

Det er stor takknemlegheit til alle som har bidratt for oppgradering av bygget, enten gjennom dugnad, pengegåver eller gode innspel!!

Vi hadde 3 avlyste helge-arrangement på slutten av året og ein litt dårlegare besøkt sommar enn forventa. Ei litt lågare inntekt på slutten av året og sommaren, og ein del utlegg på oppgraderingar gjer at vi driftsmessig går i eit underskot på 78.636,- i 2022. Då er avskrivning på om lag 197.000,- med i berekningane.

4.3 Teigen

Arbeidet til Teigenstyret er i si heilheit frivillig, og kjem i tillegg til ordinært arbeid og familieliv til styremedlemmane. Årsrapporten 2022 syner eit driftsresultat på om lag kr 150.000,-. I 2022 har Teigen mottatt fleire rause gåver, som er svært kjærkomne. Vi vil nytte høvet til å presisere av øyremerkte gåver vert brukt etter gjevar sitt ynskje. I tillegg har utleigeinntekta auka med 42%. Boklotteriet og basaren ga ei nettoinntekt på 118.000,-! På etterjulsvinteren starta vi på oppussinga av hytte 5. Alt av røyr er skifta, badet vaskerommet, gangen friska opp, nytt sikringsskap og delvis oppgradering av gamalt el-anlegg. Musenetting. Alle vindauga på austveggen, samt badevindauget, er skifta. Noko arbeid står att i 2023. Det er færre og færre som møter på dugnader. Likevel er det ein trufast gjeng som møter på Teigen, og på dugnadsleiren på våren var vi ein god gjeng (også med langvegsfarande!). Veldig kjekt! På haustdugnaden deltok også ein gjeng ungdommar som hadde booka seg inn på hytte 5 for helga.

5.0 Minneord

Styret vil takke for tenesta frå dei som har gått bort siste året.

Livet er ei verdifull gåve gjeve oss av Gud i kjærleik med gåver og oppgåver. Vi kan kjenne på sorg og sakn, men mest på takkemd for det dei fekk vere medan dei var her saman med oss.

6.0 Økonomi

Årsregnskapet syner at regionen i 2022 har eit underskot på om lag kr 981.608,-. Inntektene er litt lavare enn 2021-inntektene, medan det var budsjettert med eit vel 1 million meir for å balansere med budsjetterte utgifter. Utgiftene er på budsjettert nivå, men sidan inntektene ikkje har auka er vi i ein sitasjon der eigenkapitalen nesten er brukt opp.


Misjon er eit samspel mellom misjonsoppdraget vårt og handlingsrommet inntektene gir oss til å arbeide med misjonsoppdraget. Regionen har ulike satsingar vi trur og vonar vil vere til velsigning for arbeidet i Normisjon. Men det økonomiske resultatet vil vere med inn i planlegging og arbeidsmåtar i 2023. Regionstyrene i Acta og Normisjon har tettare kontakt om overordna strategisk tenkning, noko som blir viktig mellom anna for best utnytting av reduserte stabsressursar, og for styrking av relasjonar og motivasjon til frivillig engasjement i stor breidde i regionen.

7.0 Takk!

Vi har fridom til å samlast om Guds Ord, fridom til å driva misjonsarbeid både heime og ute, der vi kan få vere med å levandegjere visjonen: "Jesus Kristus til nye generasjonar og folkeslag. Vi står saman med mange medarbeidarar i fleire verdsdelar og mange land, og er takksame både til Gud og menneske for at vi får vera med i dette arbeidslaget.

Det store arbeidsfellesskapet er samansett av *einskildmenneske* som kvar på sin plass gjer eit stort arbeid! Styret rettar ein takk til alle, unge og eldre som står med i arbeidet både med munn og hand, frå talarstol og kjøkkenbenk, med musikkinstrument og vaskebøtte, med giroblankett og hender falda i bøn og lovsong. TAKK!


Hjarteleg takk for all teneste for Jesus og for Normisjon!




Eva S. Langseth, tilsettes representant




Aud Norunn Vig, styremedlem



Liv Bruland, styremedlem



Møyfrid Sømme Kvamme, styremedlem




Marta Fimreite, 1.vara representant



Johan Olav Nyberg, Actastyrets



Jostein Bildøy, regionleiar



John Bjarne Geithus, Nestleiar



John Olav Hoddevik, styreleiar